



Statens vegvesen

Likelydande brev – sjå vedlagde liste

Behandlande eining:
Drift og vedlikehold

Sakshandsamar/telefon:
Torbjørn Holte / 95219623

Vår referanse:
24/164674-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.10.2024

Rv 41 Ny Tveitsund bru

Statens vegvesen varslar oppstart av detaljregulering for rv.41 på strekninga Lauvdalen og Tveitsund, jamfør plan- og bygningslova §§ 12-3, 12-8 og 3-7.

Målet med planarbeidet er å legge til rette for ny bru over Storåna og gode planløyningar på begge sider av vassdraget og inn mot sentrum i Tveitsund.

Rv 41 over brua får vegbreidde på 9 meter.

Planområdet omfattar eit areal på rundt 380 daa. Det er teke med godt med areal langs mogleg trase for å kunne vurdere alternative bruløyningar, der desse vil vera anten som gjeldande kommunedelplan over øya Øyna, eller alternativt om lag 300 meter oppstraums denne. Begge desse løysingane må vurderast nærare i planprosessen, saman med endring for bruk av Tveitsund bru. Statens vegvesen forventar at regulert areal vert redusert.

Gjeldande planstatus

Innanfor kunngjeringsgrensa for prosjektet er reguleringsplan for Treungen Sør av 29.03.2012 (plan ID 2012002). Kommunedelplan med PlanID 214005 godkjent 5. mars 2015 gjeld for området. Sjå «Rv. 41 Tveitsund bru – detaljregulering. Vurdering av behov for konsekvensutredning» datert 25.09.2024.

Konsekvensutgreiing

Det er gjennomført oppstartsmøte med Nissedal kommune 02.10.24 og det er konkludert med at planarbeidet utløyer krav om konsekvensutgreiing i samsvar med plan – og bygningslova § 4-2 og forskrift om konsekvensutredning. Etter ei samla vurdering av relevante tema er det konkludert med at tiltaket kan gje vesentleg verknad for miljø eller samfunn, og det vil bli gjennomført utgreiing for deltema kulturmiljø og naturmiljø.

Postadresse
Statens vegvesen
Drift og vedlikehold
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Bataljonveien 15
3734 SKIEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Planprosess, framdrift og frist for innspel/merknader

Merknadar til planarbeidet må sendast skriftleg til Statens vegvesen innan 06.11.24 anten per brev til:

- Statens vegvesen, postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer
- eller på e-post til
- firmapost@vegvesen.no

Merk brevet eller e-posten med saksnr. 24/164674

De kan òg lesa kunngjeringa på www.vegvesen.no/vegprosjekter/hoeringer-vegprosjekter/ og på www.nissedal.kommune.no

Når merknadsfristen er ute vil Statens vegvesen gå gjennom merknadar og innspel. Merknadar og innspel vil ikkje bli svart ut direkte, men vil bli kommentert og vurdert i plandokumenta. Vegvesenet vil utarbeide eit planforslag fram mot våren 2025. Planforslaget vil bli lagt ut til høyring og offentleg ettersyn, og det vert mogleg å komme med merknadar og motsegn til forslaget før vidare politisk handsaming. Det er eit mål at planen vert vedteke i løpet av hausten 2025.

Ta gjerne kontakt

Eventuelle spørsmål til planarbeidet kan rettast til planleggingsleiar Torbjørn Holte, mobil 952 19 623, e-post: torbjorn.holte@vegvesen.no

Vedlegg:

- Kunngjeringskart datert 24.09.24 med tilhøyrande SOSI fil i UTM
- Referat frå oppstartsmøte med kommunen_02.10.24
- Rv. 41 Tveitsund bru – detaljregulering. Vurdering av behov for konsekvensutredning» datert 25.09.2024.

Drift og vedlikehald sør

Med helsing

Anne Janicke Nicolaisen

Prosjektleiar

Torbjørn Holte
Planleggingsleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til

ARENDALS VASDRAGS BRUGSEIERFORENING, Postboks 704 Stoa, 4808 ARENDAL

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD,
Ladebekken 50, 7066 TRONDHEIM
NATURVERNFORBUNDET I TELEMARK, c/o Helge Granlund Kåsafeltet 4, 3692 SAULAND
NVE region Øst, Vangsvegen 73, 2317
SKAGERAK ENERGI AS, Postboks 80, 3901 PORSGRUNN
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK, Postboks 2076, 3103 TØNSBERG
TELEMARK FYLKESKOMMUNE, Postboks 2844, 3702 SKIEN

Kopi

ANNE JANICKE NICOLAISEN, HEGGLIA 10A, 4622 KRISTIANSAND S
NISSEDAL KOMMUNE, Treungvegen 398, 3855 TREUNGEN